

Statsråden

Andreas Wiese

Lean Fish AS

9657 KÅRHAMN

Dykkar ref

Vår ref
06/1697-8 HDL

Dato 04.09.06

Invitasjon til første møte i Bolystrådet

Eg viser til tidlegare utsendt brev om første møte i Bolystrådet. I dette brevet blei møtedato sett til 5. september. Det viser seg at møtet må utsetjast noko. Eg vil difor invitere dykk til møte tysdag 12. september 2006 kl. 13-16 i lokala til Kommunal- og regionaldepartementet i Akersgata 59.

Bolystrådet skal gje Kommunal- og regionaldepartementet råd om korleis distrikts- og regionalpolitikken skal innrettast mot unge i utdannings- og etableringsfasen. Rådet består av følgjande medlemmer:

1. Inger Bråtveit (forfattar og bonde)
2. Elin Bjørnstad (Noregs Bygdeungdomsslag)
3. Christoffer Grønstad (Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjoner)
4. Ane Kimsul (Norsk Vindkraftforening)
5. Inga Berit Lein (bonde)
6. Joakim Myklebust (Malakoff-festivalen Eid)
7. Stine Mølstad (solbærbonde/kommunikasjonsrådgjevar)
8. Randi Ness (student, Ung tiltakslyst)
9. Kjersti Nordskog (aspirant i UD)
10. Odd Nordstoga (musikar)
11. Anette Sagen (skihoppar)
12. Stig Arne Somby (Davvi Nuorra – samanslutning av sameungdom)
13. Simen Staalnacke (Moods of Norway)
14. Andreas Wiese (gründer av Lean Fish AS)

Tema for det første møtet i blir i hovudsak ei drøfting av korleis rådet skal fungere.

Meininga er at kvart medlem skal få presentere seg sjølv og kva tankar de har om viktige tiltak overfor unge i etableringsfasen. Det er lagt opp til følgjande dagsorden:

1. Velkomen ved statsråd Åslaug Haga
2. Presentasjonsrunde av rådsmedlemmene
3. Pause
4. Diskusjon:
 - Kva er dei viktigaste tiltaka som kan settast i verk for å gjere distrikta meir attraktive for ungdom?
 - Korleis kan vi marknadsføre potensiala i distrikta på ein god måte?
 - Korleis kan Bolystrådet vera med og skape ein god debatt i media?
5. Framlegg til tema for neste møte

Media vil vere invitert til opninga (punkt 1 på dagsorden). Me håpar at medlemmene ikkje har motførestellingar mot dette.

Etter møtet ønskjer eg å invitere dykk til middag. Maten blir servert på restauranten SÜDØST på Grünerløkka frå kl 17. Vi tek sikte på å avslutte middagen seinast kl. 20.

Eg ber om at alle i rådet melder frå til Regionalpolitisk avdeling om dei kan komma på møtet via følgjande e-post: halvard.lagreid@krd.dep.no

Eg vil nok ein gong takke dykk for at de stiller opp i Bolystrådet. Eg ser fram til første møte.

Med helsing

Åslaug Haga

Likelydande brev sendt til:

Andreas Wiese

Ane Hansdatter Kismul

Anette Sagen

LNU Christoffer Grønstad

NBU Elin Bjørnstad

Inga Berit Lein

Inger Bråtveit

Joakim Myklebust

Kjersti Nordskog Nes

Odd Nordstoga

Randi Ness

Simen Staalnacke

Stig Arne Somby

Stine Mølstad